

## Saksprotokoll

### Behandling av klage på vedtak - Endring av detaljplan for Auenhauglie - Golsfjellet Apartment

---

Arkivsak-dok. 19/02201  
Saksbehandler Sander Lilleslett

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Utval for natur og næring 2019-2023	14.01.2020	2/20

---

#### Kommunedirektøren si innstilling:

Utval for Natur og næring tek klagen til følge og gjer slik endring i vedtaket om endring av detaljplan for Auenhauglie – Golsfjellet Apartment, sak 63/19, datert 26.11.2019:

I

Punkt I blir fjerna og erstatta med eit nytt punkt I:

*«Bekkar gjennom området skal ikkje leggest under bakken eller i røyr».*

II

Punkt II – IV blir ikkje endra.

#### Utval for natur og næring 2019-2023 har behandla saka i møte 14.01.2020 sak 2/20

#### Behandling

Jon Anders Hefte gjekk raskt gjennom den tidlegare behandlinga av saka, avdelingsleiar Hanne Cecilie Nes informerte om klaga. Elles var det ikkje spørsmål eller drøfting av saka.

#### Votering

Einstemmig 7-0.

#### Vedtak

Utval for Natur og næring tek klagen til følge og gjer slik endring i vedtaket om endring av detaljplan for Auenhauglie – Golsfjellet Apartment, sak 63/19, datert 26.11.2019:

I

Punkt I blir fjerna og erstatta med eit nytt punkt I:

*«Bekkar gjennom området skal ikkje leggest under bakken eller i røyr».*

II

Punkt II – IV blir ikkje endra.

